

September 2024

# Det skjer

## Kultur



[alver.kommune.no/aktivitetskalender](http://alver.kommune.no/aktivitetskalender)





## Opning av tursti til Brakstadjellet



Søndag 1. september kl. 12.00  
Oppmøte på Vollo ved  
gamle Vestbygd skule

Dei siste månadene har det vorte lagt ned hundrevis av timar i dugnadsinnsats for å utbetra stien til Brakstadjellet.

Arbeidet er no ferdig, og me ynskjer å feira dette med tur frå Vollo til Brakstadjellet og ei markering på toppen.

Me går samla frå Vollo kl. 12.00.

På toppen vert det opning ved kultursjef Eirik Utne og enkel servering av kaffi og kaffimat. Parkering på Vollo. NB: Denne dagen har me fått lov å parkera på plassen utanfor gamle Vestbygd skule. Arrangementet er ein del av Friluftslivets uke.



## Bli med på kviss på biblioteket!



Måndag 2. september kl. 19:00  
på Manger bibliotek  
Idrettsvegen 15

Er du klar til å teste kunnskapene dine og ha det gøy samstundes? Bli med på ein spanande og morosam kviss-kveld på biblioteket. Vi set saman ein underfundig kviss med eit breitt utval av tema – her blir det noko for alle, uansett kva du er interessert i!

Vi byr på kaffi, te, og litt lett servering, slik at du kan nyte noko godt medan du konkurrerer med og mot andre. Kvissen er heilt gratis og open for alle – det viktigaste er å ha det hyggeleg saman.



## **Bok- og strikkekafé**



Annakvar torsdag i partalsveker  
kl. 12:00: 3. 9, 17.9 & 1.10.  
Frivilligsentralen Frekhaug  
Frivilligloftet, Havnevegen 45

Ta med deg eit handarbeid, og møt opp.  
Me serverer kaffi, te og boktips.

Det er kun trappetilgong på frivilligloftet.  
Arrangementet er gratis.



## **Fikseloftet med NH Husflidslag**



Annakvar torsdag:  
3.9, 17.9 og 1.10 kl. 18-20  
Frivilligsentralen Frekhaug  
Frivilligloftet, Havnevegen 45

Fikseloftet med NH Husflidslag.  
Ta med klede du vil reparere,  
handarbeid eller syprosjekt.

Her kan du sy, hekle, strikke eller brodere.  
Vi har symaskiner du kan bruke og  
vi hjelper etter behov.  
Fikseloftet er ope for alle, uansett  
ferdigheitsnivå. Gratis arrangement.

Tysdagar kl. 18-20 i partalsveker.



## Ope stove i Prestegarden

---




Kvar tysdag:  
3.9, 10.9, 17.9, 24. 9 & 1.10  
kl. 11 Prestegarden, Manger

Formiddagstreff kvar tysdag  
kl. 11-14 i Prestegardsstova.

Me møtast til ein kopp kaffi, laus prat og drøs med sambygdingar.

Kom og gå som det passar deg, her er det uformell stemning - alle er velkomne!  
Arrangementet er gratis.



# SLEKTA MI

## Slekta mi i Knarvik Frivilligsentral

---



Tysdag 3. 9 & 1. 10 kl. 13  
Knarvik frivilligsentral  
Kvernhusmyrane 20

Knarvik Frivilligsentral samarbeider med Lindås sogelag og Lindås bygdbok-nemnd om temaet slektshistorie.

Vi inviterer til opne samlingar første tysdag i månaden, kl. 13-15.

Tur til Krohnstad hovedgård 4. sep med oppmøte kl 18 i Knarvik Frivilligsentral. Påmelding.





## Språkkafé



Kvar tysdag- oppstart 3. sep  
kl. 12:15 Biblioteket i Knarvik  
2. etasje AMFI Knarvik

På språkkafeen snakkar vi norsk saman over ein kopp te eller kaffi, og diskuterer ulike tema. Tilbodet er gratis og for vaksne. Alle er velkommne same kor mykje eller lite norsk du kan.

At the language café, we speak Norwegian together over a cup of tea or coffee and discuss various topics. The offer is free and for adults. Everyone is welcome, regardless of how much or little Norwegian you know.



## Seniordata



### Seniordata- Lindåshallen

Annakvar tysdag kl. 11:  
10.9 & 24.9

### Seniordata-Knarvik frivilligsentral

Kvernhusmyrane 20  
Kvar torsdag kl. 11:  
12.9, 19.9, 26.9 & 3.10

Dette er for deg som er senior og vil lære meir om data, mobiltelefon og nettbrett. Instruktørar hjelper deg frå kl. 11-13 torsdagar i Knarvik (oppstart 12 sept) og annankvar tysdag på Lindås (oppstart 10 sept). Vi snakker om utfordringa seniorar har i det digitaliserte samfunnet i dag.

# GANGLAJE HAUSTPROGRAM 2024



Date:	Tur:	Turleiar:	Grad:	
21.aug.	Baugfjellet. Rundtur frå Salbukletten.	Maren Fosse Erstad & Steinar Erstad	**	<p>Kvar onsdag klokka 10.30.                      Oppmøte ved Meland Aktiv.</p> <p>Vi har gradert turane med stjerner:                      * Lett                      ** Middels                      *** Krev litt mer</p> <p>Program finn du i resepsjonen på kommunehuset på Frekhaug og Frekhaug frivilligsentral si Facebookside og nettside: <a href="http://frekhaug.frivilligsentral.no">frekhaug.frivilligsentral.no</a></p> <p><b>Hugs på:</b>                      Turen skjer på eige ansvar. Du må sjølv vurdere om du er i stand til å gjennomføre turen. Det er inga skam å snu!                      Ta med 20,- til eventuell bilskjuss, 30,- dersom ein må passere bompengestasjon. Dersom dårleg vær kan turen bli endra av turleiar.</p> <p>Ver venleg - åkje ta med hund!                      Kos deg på turen!</p>
28.aug.	Båt til Ypso. 300kr inkluderar reise frå lo-kaien, grilling, kaffe, tur og omvisning. Påmelding: Arve tlf. 90154614, eller Randi tlf. 45225193. Maks 25 personar. Alternativt tur til Eie.	Arve Dale & Randi Hilland  Jan Sleire & Randi Iden	*  *	
4.sept.	Båt til Ypso. 300kr inkluderar reise frå lo-kaien, grilling, kaffe, tur og omvisning. Påmelding: Arve tlf. 90154614, eller Randi tlf. 45225193. Maks 25 personar. Alternativt tur til Eie.	Jan Sleire & Randi Iden  Arve Dale & Randi Hilland	*  *	
11.sept.	Hestnesåsen og Eie. Rundtur.	Randi Hilland & Solveig Holmedal	**	
18.sept.	Husfjellet	Steine Eikeflet	**	
25.sept.	Fossdalen - Slettåsen.	Roy Carlsen & Torhild Carlsen	**	
2.okt.	Bergfjordfjellet. Rundtur.	Jess Holmboe-Erichsen & Randi Holsen	***	
9.okt.	Myrtveit - Gripakletten.	Sigurd Knudsen & Asbjørn Gripsgård	**	
16.okt.	Håøy.	Anne Britt Skår Hopland & Torill Alice Hjertås	**(*)	
23.okt.	Skinnveitmarka. Rundtur.	Jess Holmboe-Erichsen & Randi Holsen	**	
30.okt.	Brakstad - Brakstadneset.	Anne Britt Skår Hopland & Torill Alice Hjertås	*(*)	



## Ganglaje



Kvar onsdag:

4.9, 11.9, 18.9, 25.9 & 2.10 kl. 10.30  
 Frammøte ved Meland Aktiv.

Ganglaje går onsdagsturar i perioden mars - juni og august - oktober.

Turane har turleiar og er gradert med stjerner. Alle kan vera med, men du må sjølv vurdere om du er i stand til å gjennomføra turen.

Ganglaje går tur kvar onsdag.





## Onsdagstreff

---



Onsdagsdagar kl. 16-18:  
4.9, 11.9, 18.9, 25.9 & 2.10  
Frivilligsentralen Frekhaug  
Frivilligloftet, Havnevegen 45

Velkommen til Onsdagstreff på Frivilligloftet

Har du lyst å gjer noko praktisk kan du vera med på ulike dugnadsoppgåver saman med andre, eller du kan slappe av og ta ein kaffi!

Kom innom onsdagar mellom kl.16 - 18.



## Spikking

---



Torsdagar kl. 10-12:  
5.9, 12.9, 19.9, 26.9 og 3.10.  
Frivilligsentralen Frekhaug  
kontaineren, Havnevegen 45

Spikking og kaffi i kontaineren bak Frivilligsentralen Frekhaug.

Det vert spikking, pussing, kaffi og prat om laust og fast.

Me har det du treng av verktøy. Det er berre å møte opp. Rom for alle som vil prøve. Gratis. Spikking & kaffi i kontaineren. Oppstart torsdag 5.september kl. 10-12.



## Torsdagsmiddag

---



Kvar torsdag kl. 13  
5.9, 12.9, 19.9, 26.9 og 3.10  
Prestegarden, Manger

Vil du treffa andre og eta middag ilag?  
Då er du velkomen til middag hjå oss!

Vi serverer heimelaga middag med  
dessert og kaffi. Middag serverast kl.  
13:00, og du kan bestille fram til kl. 11  
same dag. Ring Manger frivilligsentral  
på tlf 45327048.

Pris kr 120,- kan betalast kontant  
eller med vipps. Velkommen.



## Natteravnene på Frekhaug

---



Fredagar  
Frivilligsentralen Frekhaug  
Frivilligloftet, Havnevegen 45

Natteravnane på Frekhaug går kvar  
fredag for å vera til stades der  
ungdommane oppheld seg og bidra til  
tryggleik i lokalmiljøet.

Meld deg inn i FB-gruppa  
"Natteravnene på Frekhaug"  
for info om du vil vere med å gå.



# Dansekurs Hip-Hop med Celina og Olivia



## Dansekurs Hip-Hop med Celina og Olivia

Laurdag 07.09 og søndag 08.09

Kl. 11.00-14.00 Laurdag og søndag

For 5.kl-7.kl

Stad: Dansesalen i **Alverhallen**

Plass. 25 stk

Enkel servering, ta med drikkeflaske.

For påmelding scan qr kode eller trykk på bilde.

Open fram til 30.08 kl. 23.59.



*Lån det du vil til  
sport, lek og friluftsliv  
Heilt gratis!*

[www.bua.no](http://www.bua.no)



## Dungeons & Dragons

---



Annakvar torsdag oddetals veke  
5.9, 19.9 & 3.10 kl. 14:30- 16:30  
på biblioteket i Knarvik,  
2. etasje AMFI Knarvik

Dungeons & Dragons: Det legendariske rollespelet som først såg dagens lys på starten av 70-tallet, og som i dei seinare åra har fått ein renessanse i moderne populærkultur, som i seriane The Big Bang Theory og Stranger Things.

No kan du spela Dungeons & Dragons på biblioteket. Nybegynnarar såvel som meir erfarne spelarar er velkomne til å delta. Ein frå biblioteket er "Dungeon Master" og vil leia spelet.



**MAGIC**  
THE GATHERING

Et spennende kortspill hvor man tar rollen som en mektig Planeswalker som tilkaller fryktinngytende skapninger og bruker kraftig magi i sin kamp mot andre Planeswalkere.

Spillet er på engelsk og anbefalt aldersgrense er 13 år, men folk i alle aldre er velkommen. Om du ikke har spilt før har vi erfarne spillere som gjerne lærer deg spillet. Du kan gjerne ta med egne kort, men om du ikke har kort kan du låne av oss.

Tysdagar kl. 16:30

## Magic the gathering

---



Kva tysdag kl. 16:30  
3.9, 10.9, 17.9, 24.9 & 1.10  
2. etasje Lindåshallen

Saman med Nordhordland brettspelklubb inviterer biblioteket til speling av det legendarisk samlekortspel Magic: The Gathering- i Mediateket, 2. etasje i Lindåshallen, kvar tysdag frå kl. 16:30. Bli med på spennande kampar og strategisk tenking som set både hovudet og kreativiteten på prøve! Du treng ikkje egne kort for å bli med – me har kortstokkar klare til deg. Men om du har dine egne, så ta dei med. Dette er eit gratis tilbod ope for alle.





## Sjakk



Sjakk på biblioteket i Knarvik  
Annakvar laurdag kl. 12:00:  
7.9 og 21.9  
2. etasje AMFI Knarvik

Bli med på sjakk på biblioteket, der du kan møte andre som deler di interesse for det klassiske spelet. Vi set fram sjakkbrett og sjakk-klokker, så alt du treng å ta med er speleferdigheita di.

Arrangementet er heilt gratis og ope for alle, uansett alder eller nivå. Her kan du møte både erfarne sjakkspelarar og nybyrjarar som ønskjer å lære meir om spelet. Vi tilbyr også enkel servering, slik at du kan ta ein liten pause mellom spela og slå av ein prat med andre deltakarar.



## Babytreff på biblioteket i Knarvik



Annakvar måndag : 9.9 & 23.9 kl.  
11- 13, Biblioteket Knarvik  
2. etasje AMFI Knarvik

Velkomne til ein koseleg og sosial møteplass for heile familien. På biblioteket i Knarvik inviterer vi til litterært babytreff annan kvar måndag frå kl. 11 til 13. Her kan de bli med på song og lesing, medan vi delar tips om gode bøker for både små og store.

Vi tilbyr også enkel servering, så de kan nyta ein kopp kaffi medan de knyter nye band med andre foreldre og born. Dette er ein perfekt stad for å kose seg med dei minste i eit trygt og triveleg miljø. Velkomne til store og små!



## Lansering Barnesognboka 2024

---



Måndag 9. september  
kl. 17:30 Biblioteket Knarvik  
2. etasje AMFI Knarvik

Barnesongboka på [strilakultur.no/barnesongboka](http://strilakultur.no/barnesongboka) har vorte revidert og utvida. No er over 70 lokale barnesongar frå regionen kring Bergen fritt tilgjengeleg for alle. Dette fortener ei markering!

Det vert ei kort orientering om prosjektet, høgtidleg opning av boka ved ordførar Sara Hamre Sekkingstad, orientering om teikningane v/Marta Rostecka i Alver kulturskule, song og fløytespel, samt forfriskningar. Velkomen!



## Shared reading

---



Tirsdag 10. sepi kl. 12:00  
Frivilligsentralen Frekhaug  
Frivilligloftet, Havnevegen 45

Har du lyst til å oppleva litteratur på ein heilt ny måte? Bli med på Shared Reading, der vi les høgt saman – anten det er ei novelle, eit utdrag eller eit dikt – og deler våre tankar rundt teksten. Ein bibliotekar vil leia oss gjennom denne hyggjelege stunden.

Vi tar for oss gleden ved å lesa og om å dela den opplevinga i fellesskap. Du bestemmer sjølv kor mykje du vil bidra, eller om du berre vil sitja med ein kopp kaffi og lytta. Lett servering.





## **Temamøte: Gravferd og kremasjon**



Onsdag 11. september kl. 19:00  
biblioteket i Knarvik, AMFI Knarvik

Mange synest det er vanskeleg å snakka om døden, og involvera andre i dette. På ope møte på biblioteket i Knarvik får du råd og tankar om planlegging av gravferd og kremasjon. Human etisk forbund i samtale med Nordhordland begravelsesbyrå.

Samarbeidsarrangement mellom Human-Etisk Forbund Nordhordland, og Alver bibliotek.




## **Mangakurs for barn og ungdom**



Måndag 16. september kl. 12:30  
biblioteket i Knarvik, AMFI Knarvik

På dette teiknekurset får du først ein gjennomgang av kva manga er, og korleis ein teiknar det. Du får laga dine egne mangafigurar og ei historie med dei. Hiwar Nheli tek oss med gjennom heile prosessen – frå første idé til siste side. Til dagleg jobbar han som mangalærer på Bjerkely Folkehøyskole.

Hiwar er mangaskapar og står bak mangaen 'Mantikorens Kongerike' som blir gitt ut i mangaantologien Rakkan av Outland Forlag. Kurset passar frå ca. 9 år.



## Frå forskar til pårørande

---



Torsdag 19. september kl. 18

Biblioteket Knarvik

2. etasje AMFI Knarvik

I samband med Alzheimerdagen 21. september får me besøk av Alexandra Vik, nevrovitere og tidligere pårørande av demens. Medan Alexandra sjølv forska på korleis hjernen endrar seg ved normal aldring og korleis ein tidlegare kan føreseia utvikling av Alzheimer's sjukdom, fekk hennar eigen pappa ein demensdiagnose. Trass i mykje kunnskap førte det til for henne, slik som for veldig mange andre, ein god del uvisse. I foredraget formidlar ho ei indre reise-skildring om det å alltid vera heime sjølv når alt ser ut til å bli viska ut.



## Forfattarkveld med Ruth Lillegraven

---



Onsdag 25. september kl. 18

Biblioteket Knarvik

2. etasje AMFI Knarvik

Arrangementet flyttet frå august: Velkommen til ein spennande kveld med den anerkjende forfattaren Ruth Lillegraven. Under arrangementet vil det bli ein samtale om bøkene hennar, inspirasjonskjelder og skriveprosess, og dessutan høgtlesing frå nokon av bøkene. Dette er ein gyllen moglegheit til å bli betre kjent med ein av Noregs mest framstående forfattarar.

Arrangementet er gratis, så ta med deg vener og familie for ein kveld fylt med litterær glede og refleksjon.





## SV- kafé: Universell utforming

---



Onsdag 25. september kl. 19  
Biblioteket Knarvik  
2. etasje AMFI Knarvik

Velkommen til kafé-treff på biblioteket onsdag 25. september, kl. 19.00  
Tema: Universell utforming. Korleis kan vi leggje til rette for at lokalsamfunnet vårt skal bli tilgjengeleg for alle?

Innleiing ved Tove Brandvik, forbundsleiar i Norges handikapforbund.  
Panel: Carina Haugsdal frå Gløde og Evy Knutsen frå NFU, Alver.  
Servering av kaffi og tebrød.  
Alle velkomne. Gratis inngang.  
Arrangørar: Alver SV og Alver bibliotek



## BTB konsert på biblioteket

---



Torsdag 26. september kl. 14  
Biblioteket Knarvik  
2. etasje AMFI Knarvik

Velkommen til ein hyggjeleg formiddags-konsert med BTB – Bandet til Bestefar!

Bli med på ei koseleg stund på biblioteket i Knarvik, der BTB – Bandet til Bestefar – igjen tek scena med sitt varierte og kjende repertoar!

Bandet har spelt fleire gonger på biblioteket tidlegare, og kvar gong blir det stort sett fullt hus. Det blir ein herleg miks av opplesing, spel, og song – alt medan du kan nyta ein kopp te eller kaffi i hyggjeleg selskap.



## Den Internasjonale Eldredagen



Laurdag 28. september kl. 12:30  
Kommunehuset på Frekhaug  
Havnevegen 41A, 5918 Frekhaug

Den Internasjonale Eldredagen vert markert med ope arrangement på kommunehuset på Frekhaug laurdag 28. september kl. 12.30.

Arrangørar er frivillig arbeidsgruppe og Frekhaug Frivilligsentral. Eige program vert lagt ut blant anna på FB til Frekhaug Frivilligsentral og på heimesida til Frekhaug frivilligsentral.



## Sukkerklumpane strikke kafè



Måndag 30. september kl. 10  
Knarvik frivilligsentral  
Kvernhusmyrane 20

Sukkerklumpane strikke kafè i Knarvik Frivilligsentral.

Bli med i dette koselige fellesskapet. Her møtast vi for ein god prat, gode tips både innan strikking og mykje anna. Treffstaden er open for alle. «Strikke kafé» - siste måndag i månaden. Neste er 30. sept kl. 10. Alle velkomne.

Sjå heimesida til Knarvik frivilligsentral for meir info [knarvik.frivilligsentral.no](http://knarvik.frivilligsentral.no)





# Barnelaurdagar

-Biblioteket i Knarvik, på Frekhaug og Manger



## Hobbyverkstad: Teikneserie

**LAURDAG 7. SEPTEMBER KL. 11- 15**

Sjølvgåande teikneserieverkstad:  
Lag din eigen teikneserie! Me set fram  
ark, snakkebobler, og tusjer.  
Passar frå 4 år og oppover.



## Hobbyverkstad: Bokmerkeverkstad

**LAURDAG 14. SEPTEMBER KL. 11- 15**

Sjølvgåande bokmerkeverkstad!  
Klipp- og limverkstad der ein kan laga  
flotte bokmerke av ulike materiale.  
Passar frå 5 år og oppover.



## Hobbyverkstad: Lag eit insekt

**LAURDAG 21. SEPTEMBER KL. 11- 15**

Hobbyverkstad: Lag eit insekt  
Sjølvgåande hobbyverkstad med  
"oppskrift" korleis laga sommarfuglar,  
sniglar og andre insekt.  
Passar frå ca. 3 år.



## Hobbyverkstad: Romfart

**LAURDAG 28. SEPTEMBER KL. 11- 15**

Me sett fram hobbymateriale og  
teiknesakar der du kan laga ditt eiga  
romfartøy. Sjølvgåande verkstad.  
Passar frå ca. 3 år.



# Ungdom i Alver?

Ung Alver har fem ungdomsklubbar i Alver Kommune. Klubbane er opne for alle ungdomar mellom 8.trinn og 3.vgs.

**Knarvik Ungdomsklubb: Måndag kl.12.00 - kl. 17.00  
og tysdag kl.14.30 - kl.20.00**

Adresse: Kvernhusmyrane 8, inngang A

**Lindås Ungdomsklubb: Tysdagar kl. 14.30 - kl. 20.00**

Adresse: Lindås idrettshall, 2 etasje

**Entry Ungdomsklubb: Onsdagar kl. 14.30 - kl. 20.00**

Adresse: Eidavegen 1, 2 etasje

**Frekhaug Ungdomsklubb: Onsdagar kl.14.30 - kl.20.00**

Adresse: Havnevegen 68, 2 etasje

**Radøy Ungdomsklubb: Torsdagar kl. 14.30 - kl. 20.00**

Adresse: Idrettsvegen 13, 2 etasje i Radøyhallen

## Aktivitetar på klubbane

er til dømes:

- Gaming
- Brettspel
- Sjå film
- Høyra musikk og mykje meir.

Klubbane har kiosk der ein kan kjøpe enkel mat, drikke, snop og snacks.



**UNG ALVER**





# UNG ALVER



## Juniorklubb på Knarvik Ungdomsklubb

Måndag 02.09 kl.17.00-19.30

Alder: 5- 7 klasse

Adresse: Kvernhusmyrane 8, Inngang A



## Juniorklubb på Lindås Ungdomsklubb

Måndag 09.09 kl.14.30-17.30

Alder: 5- 7 klasse

Adresse: Lindåshallen, Sekundær fylkesveg 400



## Juniorklubb på Entry Ungdomsklubb

Måndag 30.09 kl.17.00-19.30

Alder: 5- 7 klasse

Adresse: Eidavegen 532, Ostereidet



## Dansekurs Hip-Hop med Celina og Olivia

Laurdag 07.09 og søndag 08.09

Kl.11.00-14.00

Alder: 5 -7 klasse

Stad: Dansesalen i Alverhallen

Plass: 25.stk

Enkel servering, ta med drikkeflaske.  
Påmelding er open fram til 30.08





# Bygdekinoen



## Skolen med de magiske dyrene 2



Søndag 1. september kl. 18.00  
Kommunehuset på Manger,  
Radøyvegen 1690

Dei magiske dyra er attende på kino med eit nytt eventyr! I denne hjartevarme oppfølgjaren førebur elevane ved Østre Skole ein musikal til 250-årsjubileet til skulen. Ida blir regissør og overtaler Jo til å spela hovudrolla, men Idas rival Helene prøver å sabotera ved å lokka Jo sitt magiske dyr, pingvinen Juri, over på si side. Vil musikalen enda i kaos, eller klarer klassen å samarbeida? Gjennom dei magiske dyra sine lærer barna kva som verkeleg betyr noko – å vera saman.



## The Crow



Søndag 1. september kl. 20.00  
Kommunehuset på Manger,  
Radøyvegen 1690

Eric Draven og hans elskede Shelly vert innhenta av ei mørk fortid og vert brutalt drepne. Men Eric får sjansen til å redde sitt livs kjærleik ved å ofra seg sjølv.

Han byrjar ein nådeløs hemn på dei skuldige, mens han beveger seg i et mørkt grenseland mellom dei levande og dei døde.






## **Bamse og verden minste eventyr**



Søndag 15. September kl. 18.00  
Kommunehuset på Manger,  
Radøyvegen 1690

Nalle-Maja er på piknik med familien, men føler seg einsam då ingen vil vera med henne å leika. Når ho klarar å få i seg XYZ-saft og vert bitte liten, oppdagar ho at det å vera kjempeliten i røyndomen er eit kjempeproblem; Klarer dei andre å finna henne, og er det mogleg å gjera noko stort sjølv om du er liten som ein maur?



## **Quislings siste dager**



Søndag 15. September kl. 20.00  
Kommunehuset på Manger,  
Radøyvegen 1690

Fem år med okkupasjon sluttar 8. mai 1945. Gjenreisinga av nasjonen kan byrja, men først må siste kapittel skrivast. I ei mørk celle på Akershus festning sit han som hadde gjort det største sviket av alle; Vidkun Quisling. No skal han stillast til ansvar for handlingane sine og grusomheitene nazismen sin ideologi førte til. Men først skal han møte sjelesørgjar og prest Peder Olsen. Kan presten, som sjølv er merka av krigens brutalitet, klara å hjelpa mannen som var på førenamn med Hitler sjølv, til sjelefred? Er landsforrædaren med stordomsstankar om seg sjølv og sin misjon, i stand til å angra?



## Den ville roboten

---



Søndag 29. September kl. 18.00  
Kommunehuset på Manger,  
Radøyvegen 1690

Roboten Roz hamnar på ei aude øy etter eit skipsforlis, og må tilpassa seg nye omgjevnader. Den framande naturen kan vera brutal, men gradvis opparbeider Roz seg relasjonar til mange skapningar frå dyreriket. Den ville roboten er ei mektig historie om å finna seg sjølv, og sin plass i verda, samt den fascinerande brua mellom natur og teknologi - og det å vera knytt til alt som er levande rundt oss.



## Beetlejuice Beetlejuice

---



Søndag 29. September kl. 20.00  
Kommunehuset på Manger,  
Radøyvegen 1690

Etter ein uventa familietragedie vender tre generasjonar av Deetz-familien heim til Winter River. Lydia vert framleis heimsøkt av Beetlejuice, og får livet snudd på hovudet når hennar opprørske tenåringsdatter, Astrid, oppdagar den mystiske modellen av byen på loftet og portalen til etterlivet vert opna ved eit uhell.

Med problem på gang i begge riker, er det berre eit spørsmål om tid før nokon seier Beetlejuice sitt namn tre gonger og den rampete demonen kjem attende for å sleppa laus sitt vanlege kaos.



**Qr-koden - lenker til sida for billettsal.**





## **VELKOMNE PÅ BIBLIOTEKET- OPNINGSTIDER:**

### **Knarvik**

Adresse: Kvernhusmyrane 29,  
5914 ISDALSTØ

Måndag: 11 - 19

Tysdag: 11 - 15

Onsdag : 11 - 19

Torsdag: 14 - 19

Fredag : 11 - 15

Laurdag: 11 - 15

Meirote kvar dagar 7-22,  
laurdag og sundag 7-20.

### **Manger**

Adresse: Idrettsvegen 15,  
5936 Manger

Måndag: 14 - 19

Tysdag: 11 - 15

Onsdag: 14 - 19

Torsdag og fredag: stengt

Laurdag: 11 - 15

### **Frekhaug**

Adresse: Havnevegen 39,  
5918 Frekhaug

Måndag: 11 - 15

Tysdag: 14 - 19

Onsdag : stengt

Torsdag: 14 - 19

Fredag : 11 - 15

Laurdag: 11 - 15

### **Lindås filial**

Adresse: Lindåshallen:  
Veråsvegen 9, 5955 Lindås

Måndag: 12 - 19

Ope for sjølvstyrt utlån  
når hallen er open.



[alver.kommune.no/aktivitetskalender](https://alver.kommune.no/aktivitetskalender)